



Jnr. 1095.14

gjø

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Att: Jostein Farestveit

Vedkjem høyringsnotat for forslag til forskrift om distriktsretta investeringstøtte og regional transportstøtte

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har hatt ei drøfting på framlegg til forskrift om distriktsretta investeringstøtte og regional transportstøtte.

Vedlagt ligg saksutgreiing og framlegg til uttale, som Samarbeidsrådet har slutta opp om.

Saksutgreiing

Bakgrunn:

EFTA sitt overvaksingsorgan(ESA) vedtok i oktober 2013 nye retningslinjer for regionalstøtte. Retningslinjene for gruppeunntak, som blant anna regulerer distriktsretta investeringsstøtte og regional transportstøtte, er ikkje formelt vedteken pr. 14.03.14. Det er liten grunn til at det vil verta føreteke endringar i utkast til regelverk før endeleg vedtak.

Kommunal og moderniseringsdepartementet har notifisert yttergrensen for virkeområdet for regional støtte, og dette vart godkjent i ESA 27.februar 2014.

Departementet føreslår med bakgrunn i endringar av EØS – regelverket vedteken 31.10.13 at Forskrift om virkeområde for distriktsretta investeringstøtte og regional transportstøtte vert vedteken. (sjå vedlegg side1.)

Distriktsretta investeringsstøtte

Føremålet med distriktsretta investeringsstøtte er å stimulera til investeringar i bedrifter i virkeområdet der utfordringane for lønsam næringsverksemd er størst.

Definisjon

- Offentleg støtte til foretak for investeringar i materielle driftsmidlar og immaterielle rettigheter.
- Immaterielle rettigheter: Eigendelar ansakffa gjennom ein overføring av teknologi som patentrettigheter, lisensar, know-how eller ikkje patentert teknisk kunnskap.
- Materielle eigendelar/ driftsmidlar: eigedom, bygningar, anlegg , maskinar og verktoy.

Regional transportstøtte

Føremålet med regional transportstøtte er å dekke dela av transportkostnadane til føretak som produserer eller bearbeider varer innafor det geografiske virkeområde.

Ordninga vart notifisert i 2006, i retningsliner for regionalstøtte, med moglegheit for fylkeskommune og kommunane til å tildela transportstøtte med midlar frå Statsbudsjettet sitt kapitel 55160 – og 61.posten.

Vurdering

Endringar av yttergrensene i forskrift om distriktsretta investeringstøtte og regional transportstøtte vil medføra at kommunar som har vore innafor dei distriktspolitiske virkemiddelområda fell utanfor virkeområde, kjem i ei anna sone eller kjem i same sone som før.

Dette vil blant anna få konsekvensar for tildeling av midlar til bedrifter gjennom Innovasjon Noreg, regionalt næringsfond og dei andre ordningane som vert forvalta gjennom Hordaland fylkeskommune.

I tidlegare kart var Stord i sone 1. Sveio og Bømlo i sone 2 og Kvinnherad, Tysnes, Etne, Fitjar og Austevoll i sone 3.

I nytt framlegg er Austevoll og Stord ute av området, og Kvinnherad, Tysnes, Etne og Fitjar er inne.

Noverande sone 2 er ikkje omtala i den nye forskrifta. Denne sona var/ er ei rein nasjonal ordning som ikkje treng å bli godkjent av ESA sidan den ikkje inneber direkte eller indirekte bedriftstøtte. For kommunane dette gjeld er det avgjerande om sone 2 vert vidareført eller erstatta med ei ny nasjonal ordning.

Framlegg til ny ordning vil gje konsekvensar for nyetableringar og bedriftsutvikling i dei kommunane dette gjeld, særleg Austevoll som fell ut av ordninga, men også for Sveio og Bømlo. I dei to siste har det vore mogleg å gje midlar til tilrettelegging, det vil seia til blant anna planlegging, forprosjekt mm.

Regional transportstøtte er ikkje gjeve i Hordaland.

Med bakgrunn i ovanemde føreslår administrasjonen følgjande uttale:

" Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gått igjennom framlegg til forskrift om distriktsretta investeringstøtte og regional transportstøtte og har følgjande kommentarar:

- *Austevoll kommune er ein øykommune med så lang reisetid til Bergen at kommunen bør vera med i den nye ordninga.*
- *Notatet seier ingen ting om kommunane i sone 2. For desse er det viktig at det blir gjort ei avklaring på om denne sona vert vidareført som ei nasjonal ordning. I tilfelle noverande sone 2 utgår må det etablerast ei ny ordning som stimulerer til vekst og innovasjon i bedrifter i noverande sone 2.*

Sunnhordland, 28.04.14

Med venleg helsing

Kjetil Hestad (s)
Styreleiar


Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar